

Kongens heider til Arild Berstad

Søndag 25. september 2016 vart ein spesiell dag for Arild Berstad (58). Det skulle markerast at han har 40 år bak seg som leiar for ungdomskoret Respons, med nye og gamle «responsarar» på plass og stort kakebord etter gudstenesta på Emblem bedehus.

**Tekst: Randi Fagerhol Lauvås
Foto: Robert Wolff**

Lite visste Arild Berstad om det som skulle skje, og då klokka slo tolv under gudstenesta på Emblem bedehus tok andre over regien. Det var eit stort augeblikk då ordføraren i Ålesund kunne meddele at Arild hadde oppfylt dei tre kriterier som skal til for å motta kongens fortanestemedalje. Etter å ha lese opp grunngjevinga for tildelinga kunne ho feste medaljen på Arild til stor jubel frå koret og forsamlinga.

I den flotte heimen til Arild og Solrun Berstad i Emblemsvågen på Emblem går praten. Den blanke og flotte medaljen ligg på bordet mellom oss, og Arild, som eigentleg ikkje ynskjer så mykje fokus på eigen person, er stolt og rørt over denne utmerkinga. Så fortel han om denne spesielle dagen, om alle åra i Respons og om den ekstraordinære innsatsen han har gjort for døve gjennom sitt arbeid på NAV Hjelpemiddelsentral.

STARTEN

Arild møtte kona si, Solrunn, på folkehøgskule på Vereide i Nordfjord. Solrunn Teigen var frå Emblem, og dette møtet førte Arild til Ålesund og Borgund vidaregåande skule. På Emblem var damer i bøn for at det måtte kome nokon til bygda som kunne ta over det tre år gamle ungdomskoret, då dei som hadde starta det skulle reise ut for å studere. Arild fortel om møtet med bygda og Emblem bedehus i 1976; - Eg visste at her hadde Gud ei oppgåve for meg.

Eg fekk ei overtyding om at her var ferdiglagde gjerningar. Arild hadde då ikkje erfaring frå kor, og var «halvgod» på piano i følgje han sjølv.

40 ÅR SEINARE

Etter førti år kan Arild sjå tilbake på spennande og rike år som leiar for koret. I dag overlét han dirigentjobben til ungdommane, men den daglege og musikalske leiinga har han framleis. Han har knytt til seg fantastiske vaksenleiarar, noko han seier er eit viktig organisatorisk grep for at det heile skal vere berekraftig. Opp mot 100 ungdomar er med i koret i dag, i alderen 13 til 20 år. På øvingskveldane har dei ein eigen forbedar og sjelesørgjar tilgjengeleg på huset, og andakt er ein viktig del på øvingane. Koret er rekna med i Emblem bedehusforsamling sitt ungdomsarbeid, og Arild understrekar at han er bevisst på tilknyttinga til ImF.

KVALITET

Arild har om lag 400 komposisjonar bak seg, og har og skrive mange songtekstar. Han synes sjølv han har vore heldig og fått prøvd ut mykje av dette stoffet på sitt eige kor. I dag har både koret og orkesteret høg kvalitet, og sjølv om Arild vil dele æra for dette med mange, har hans innsats vore uvurderleg. Koret har desse åra heile 14 kassetar og CD -produksjonar bak seg, og om lag 1000 opptredenar lokalt, nasjonalt og også utanfor landets grenser. Turar i inn og utland har nemleg vore ein viktig del av korlivet, og det har betydd mykje for miljøet i koret. Sommarturane har vore årets høgdepunkt. Dei har variert mellom lengre utanlandsturar og turar rundt om i Norge.

TALENTUTVIKLAR

Å vere med i Respons har også vore ein arena for å utvikle talent. Arild har lagt stor vekt på at ungdomane skal få utfordringar og oppgåver dei har anlegg og interesse for. Han



Arild Berstad får tildelt Kongens fortanestemedalje av Ordførar i Ålesund, Eva Vinje Aurdal.



Arild Berstad blir heidra av Aafk.

nemner oppgåver som solistar, dirigentar, teknikarar på lyd og lys og organisatoriske oppgåver. Fleire har tatt steget vidare og har fått dette som yrke både innan song og teknikk.

LOEN 1981

Når Arild får spørsmål om kva som har vore drivkrafta og motivasjonen alle desse åra, fortel han om ei hending på bibelcamp i Loen i 1981. Koret, som då talde 25 medlemar, skulle syngje på campen heile veka, og talar var Martin Omdal frå Sørlandet. Ein kveld etter talen inviterte han fram til forbøn, og nesten heile koret gjekk fram. Arild er rørt når han fortel om opplevinga. Det vart tårer, glede, klemmar og frelsesfryd, ein heilt spesiell kveld for heile koret. Då forsto eg, seier Arild, at dette handlar om meir enn song og musikk. Det handlar om ungdommar som får endra livskursen. Hendinga prega både Arild og koret i år framover, og dei opplevde også at fleire kom med. Glede over å oppleve at det vi held på med i Respons betyr noko for den enkelte sitt kristenliv betyr mykje for Arild. Stadig kjem tidlegare medlemar til han og fortel kva koret har betydd for dei.

AAFK OG TOLKETENESTE

Saman med ordføraren kom også representantar for Aafk, fotballaget i Ålesund, til Emblem bedehus denne søndagen. Samarbeidet mellom Arild og Aafk starta allereie i 2004, då fotballaget hadde håp om opprykk til tippeligaen. Nokre døve tok kontakt med hjelpemiddelsentralen for å få tolk med på kampen, dei ville gjerne ha med seg alt som skjedde. Sidan ny stadion vart opna i 2005 har dette vore fast teneste på alle heimekampane, og også på Cupfinalane der Aafk har vore med. Eit område bak eine målet er avsett plass til brukarar og tolk, og

dette har utvikla seg til eit unikt og velfungerande konsept. I overkant av 170 fotballkampar har det vorte, og Arild fortel at dette har medverka til at klubben har fått eit godt omdøme, og det har vorte modell for korleis slik teneste kan leggest opp på liknande arrangement. Og som det vart nemnt i grunngjevinga for medaljen, har Arild gjort ein arbeidsinnsats som er betydeleg over det normale for å få dette til. Representantane frå Aafk hylla Arild for jobben og det gode samarbeidet dei har hatt med Nav og Arild spesielt. Eit engasjement som har vorte lagt merke til lang utover eigen klubb.

GLADER SEG TIL BESØK PÅ SLOTTET

Dato for å besøke slottet og få takke for medaljen er ikkje bestemt enda, men dette er noko Arild og Solrunn ser fram til med glede. Det er ei ære å få helse på kongen, seier Arild. Han fortel vidare at han er 3. generasjon i familien som har fått kongens fortanestemedalje. Både far og morfar har fått denne utmerkinga for han, så kanskje det ligg til familien å gi av seg sjølv til gagn for folk og land.

TAKK

Arild seier han har mange å takke som har støtta han alle desse åra, spesielt nemner han familien. Utan støtte frå Solrunn og dei to gutane kunne han ikkje brukt så mykje tid og krefter på Respons og Emblem bedehusforsamling. Så har vi mykje å takke Arild for Han har betydd svært mykje for bygda Emblem, og for ungdommar både der og frå nærområdet rundt. Emblem bedehusforsamling, Sunnmøre Indremisjon og ImF-UNG Sunnmøre har mykje å takke Arild for, og stiller seg i rekka av gratulantar.

En plass for gråt og latter



Johan Halsne
Kransleiar Sunnmøre
Indremisjon

Den siste tiden har min personlige bibellesning vært konsentrert om innholdet i i Esra og Nehemja sine bøker, disse to bøkene, er en og samme bok i den jødiske bibel, og handler om gjenoppbyggingen av Jerusalem etter bortføringen til Babylon.

Der er masse lærdom i godt lederskap, strategi, samarbeid, rett fokus, fellesskap, prioritering og oppbyggelse å hente gjennom disse to bøkene.

Det som vi vil ha fokus på her er det vi leser i Esra kap. 3 og versene 12. og 13: «Men mange av prestene og levittene og familieoverhodene- de gamle som hadde sett det første huset, gråt høyt da de så dette huset bli grunnlagt, men mange jublet høyt av glede. Folket kunne ikke skjelve lyden av gledes-jubelen fra lyden av folkets gråt, for folket jublet så høyt at det høstes lang veg.»

Der var altså en stor forskjell i opplevelsen av det arbeid som Guds folk gjennomførte den gang, og skillet gikk mellom de eldre og de yngre. De gamle husket templet fra storhetstiden fra kong Salomos dager, og gråt fordi de syntes det nye var så lite sett i lys av gammel storhet, de yngre jublet fordi de nå hadde ett nytt byggverk reist seg fra ruinene.

Så forskjellig kan vi tenke om vårt arbeid i Guds rike og så forskjellige kan vi være som personer i Guds forsamling.

Jeg ønsker i denne lederen å oppmuntre oss alle til å gi

rom både for gråt og latter i våre gudsliv og ikke minst i våre forsamlinger og bedehus.

Jeg vil virkelig oppfordre oss alle til å ha rom for ulikhetene!

For noen år siden leste jeg en overskrift som lød slik: «Noe ble borte på veien».

Jeg vil i dag omskrive den til: «Noen ble borte på veien».

Det hender jeg møter eller hører om personer som gikk i indremisjons- og bedehussammenheng som ikke lenger gjør det, ikke fordi de har mistet sitt gudsliv, men de fant ikke rom for seg og sitt liv innfor den sammenheng de gikk, derfor ble de borte fra vår sammenheng. I noen tilfeller handler det om generasjonskløften som ble for stor, i andre sammenhenger var årsaken at der kun var rom for en type sang og musikk. Det kan også være ulike syn på hvordan arbeid skal drives og møter gjennomføres.

La det være slik i våre sammenhenger at der er rom for «alle» mennesker, i alle livets faser, med alle livets utfordringer. Ingen må oppleve å ha på seg en spesiell uniform, en bestemt måte å være på for å være en del av Guds forsamling. La de ulike naturgaver og nådegaver slik vi lærer i Guds ord få utfolde seg i våre fellesskap! La både den som er ung og de eldre få nok rom til å forbli i samme rom!

Om du gråter eller ler er der rom for deg her!!!

La både den som er ung og de eldre få nok rom til å forbli i samme rom!

ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

Heimemisjonen

Redaktør: Johan Halsne
Postboks 7836 Spjelkavik,
6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70
Fax. 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
E-post: sunnmore@imf.no
Internett: www.imf.no/sunnmore
Ung Misjon:
imfung-sunnmore.no

Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255

Orreneset Misjonssenter

Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211

Daggry barnehage

Telefon: 70 18 24 97
Bankgiro: 3000.21.36682

Borgund Folkehøgskule

Telefon: 70 17 76 00
Bankgiro: 8220.02.20788

Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70
Bankgiro: 8220.02.80287

Møre barne – og ungdomsskule Skodje

Telefon: 40 29 36 41
Bankgiro: 3000.32.36796

Møre barne - og ungdomsskule Herøy

Telefon: 70 08 05 50
Bankgiro: 3000.18.45655

Begravelsesbyrået

Sunnmøre A/S

Telefon: 70 17 86 60
Vakttelefon: 90 86 38 56

Si-Reiser AS

Telefon: 70 17 90 00
www.si-reiser.no

Radio Sunnmøre

Telefon: 70 15 41 00
Bankgiro: 3900.21.10311
www.radiosunnmore.no

Ungdomeleg trøkk og lengt



Borgund folkehøgskule igong med nytt elevkull

Tekst og foto: Ottar Myrstad

Stor intensitet og høg puls når over 100 ungdomar skal finne kvarandre og bli eit miljø som skal vare til mai neste år. Siste veka i august var fyrste veka i nytt skuleår for Borgund folkehøgskule. Rekordmange elevar (115) melde seg, og fleire veker går med før livet har kome i normal gjenge.

I starten går mykje tid og krefter med til å ordne dagleglivet. Men Borg har også ambisjonar om å vise 'gjestane' våre både den vakre regionen vi bur i og gi dei glimt av den gode Herren vi trur på. Då får vi det gjerne travelt.

Spennvidda i elevflokket er stor så skuletilbodet må spenne vidt for å gjere alle til lags. Somme set seg gjerne ned med strikkepinnar eller kjøkkenutstyr. Andre møtast helst til gymsalen. **I musikkromet** er det både gitar-øving, songtimar og komponering av eigne tekstar og tonar. Mange dreg til fjells så snart høvet byr seg, anten

med fjellsko eller terrengsykkel. Kanoar som ligg i opplag i Eikenosvågen, er også flittig i bruk.

Elles har turtilboda vore mangfaldige desse

vakre haustvekene. Alt fyrste skuledagen drog vi dei med til Høgkubben, næraste utsiktspunktet vårt. Seinare har mange vore både på Jønshorn



og Slogen og andre majestetiske fjelltoppar. Øyhopping i Giske kommune var også populært. *Artikkelen fortsetter på neste side...*

Turtilboda har drege alle på fleir-dagsreiser utanfor Sunnmørgrensene. Somme drog på Vestlandstur med buss gjennom Nordfjord frå ytst til inst. Andre gjekk pilegrimsleia over Dovre til Nidaros med overnatting i lavvo og som gjestar på folkehøgskule i Trøndelag. Men etter som haustteikna vert tydelegare,

roar dagleglivet seg på Borg i fastare former. Kvar onsdag er det 'onsdagsmøte' i festsalen, med lovsongsgruppe, tale og forbøn. Målet er å nå flest muleg med både kristent fellesskap og invitasjon til tru. Tredje kvar veke er dei fleste elevane med i opne samtalegrupper kalla 'Non Stop Gud'. Her vert is og drops (Non Stop) fortært medan vi samtalar non stop om trustema. Så er det dagleg veksling mellom fellesfag, valfag og linjefag.

Elevane er inndelte i linjer (klasser) etter

reisemål for den lange utanlandsturen til våren, samt ei linje som kallast 'Reise, bo og fritid' med vekt på butrening. Vi reiser bokstavleg tala verda rundt. Afrika, Australia, New Zealand, Europa og Sør- og Nord-amerika er representerte. Men før den tid reiser alle ilag til Israel i oktober.

Som de forstår, der 100 ungdomar er på farten, er det høgt tempo og stort trøkk. Men også lengt etter venskap, fellesskap og noko å bygge livet sitt på.



Fakkeltog i Ålesund til støtte for forfulgte kristne

Tekst: Olaug Lillian Bjørke, områdeleder Åpne Dører Sunnmøre olaugb@od.org

Kvar haust arrangerer Åpne Dører og Stefanusalliansen fakkeltog i fleire norske byar. Saman med lokale krefter inviterer vi deg til offentleg å vise di støtte til forfulgte søsken. Tema for årets fakkeltog er «Retten til å skifte tru». I år fokuserer vi særleg på Iran og Saudi Arabia, der det er forbunde med stor risiko å konvertere frå islam til kristendom. Mandag 14.november tenner vi faklane våre i sentrum av Ålesund. Det vil bli appell og opprop før fakkeltoget går til Ålesund kirke. Her

har vi ei tverrkyrkjeleg samling med variert innhald; informasjon, song og musikk, vitnesbyrd og bøn. Vi håper å sjå akkurat DEG i lyset frå faklane. Kanskje vil du også tale varmt om arrangementet til dei andre på heimstaden din, i forsamlinga di? Det hadde vore flott om vi vart mange som stod opp for våre forfulgte søsken denne novemberkvelden i Ålesund! For meir informasjon; sjå www.fakkeltog.no. Det vil bli gitt nærare informasjon om oppmøtestad og tidspunkt.

FAKKELTOG 2016



«DER DET ER FARLIG Å SKIFTE TRO»

REISERUTER

Hausten 2016

JOHAN HALSNE:

19.-23.10: Frikstad, 25.10: Follestadalen, 26.-27.10: Leirstadskurs Orreneset, 27.10: Sula, 28.-30.10: Berøa Karmøy, 01.11: Blindheim, 03.11: lederveiledning, 04.-06.11: Sula, 06.11: Vigra, 08.11: Blindheim, 09.-13.11: Gamlem/Søvik, 13.11: Ulsteinvik, 14.11: styremøte, 16.-18.11: Langevåg, 20.11: Emblem, 30.11: Valldal, 01.12: Ellingsøy, 02.12: Valderøy, 04.12: storsamling Borg, 06.12: Karmøy, 09.12: Remøy, 10.12: Emblem, 11.12: Ulsteinvik, 12.12: styremøte, 15.12: lederveiledning, 16.12: Tau

MARIT STOKKEN:

23.-27.11: Hundeidvik, 06.-11.12: Julekalender

KJELL FURNES:

20.10: Langevåg, 25.10: Emblem, 26.10: Åmdal, 06.11: Sykkylven, 27.11: Ørsta, 30.11: Rovde

RANDI FAGERHOL LAUVÅS:

25.10: Møre Herøy, 27.10: Vestnes, 31.10: Vigra, 03.11: Skodje, 11.-13.11: Brusdalsheimen, 14.11: Styremøte, 21.11: Lederforum Bergen, 22.11: Hundeidvik, 27.11: Godøya, 28.11: Emblem, 04.12: Storsamling Borg, 12.12: styremøte

MATHIAS LINDGREN MULELID:

21.-23.10: PitStop Valderøya, 26.10: Møre u.skule, 04.-06.11: leir, 08.11: GodøyVing, 10.11: YF Valderøy, 18.11: Årseth, 16.11: Møre Hatlehol, 19.11: Konfu, 23.11: Godøya, 03.12: Refuel Tennfjord, 03.12: Konfu, 04.12: storsamling Borg, 07.12: Haramøy og Longva Ving, 13.12: Musk Herøy, 14.12: Møre u.skule, 14.12: Borg, 26.12: julefest Gamlem

HILDE SOFIE BLINDHEIM

ØSTREM:

17.10: Tusenfrud Emblem, 26.10: basar Gamlem, 19.-20.11: minileir Brusdalsheimen, 04.12:

storsamling Borg

KARL ARNE AUSTNES:

13.11: Sykkylven bhf., 17.-18.11: Tennfjord

INGBJØRN VINGEN:

17.11: Lepsøy, 18. og 20.11: Volda

AUD KARIN KJØLVIK RINGVOLL:

18.-20.11: Brattvåg

GUNNSTEIN NES:

25.-27.11: Giske

TOR INGVALD LAUVRAK:

18.-20.10: Skodje/Sjøholt, 21.-23.10: Pitstop Valderøya

JOSTEIN MULELID:

27.-30.10: Ulsteinvik

ANBJØRN WALDERHAUG:

20.11: Spjølka

GUÐRUN LONGVA:

26.10: Vyborgarr., 29.10: Eidså, 05.11: Radiomessø, 07.-16.11: Vyborgtur, 25.11: Åmdalen, 02.-04.12: Askøy, 11.12: Sykkylven bhf.

HILDE GJENGEDAL:

26.10: Vyborgarr., 29.10: Eidså, 05.11: Radiomessø, 20.11:

Brattvåg, 25.11: Åmdalen, 02.-

04.12: Askøy, 11.12: Sykkylven bhf.

HELGE DIMMEN:

01.-02.11: Hjørungavåg

JARLE BERLAND:

24.-25.11: Tennfjord

ROALD EVENSEN:

26.-30.10: Godøya

LOTTE PEDERSEN:

21.-22.10: Kvinnetreff

Brusdalsheimen

ODDBJØRN BRUNSTAD:

21.-23.10: Skodje/Sjøholt

KAI EVEN BJØRDAL:

24.11: Godøya

EIVIND VOLLE:

11.-13.11: Vigra

ARILD OVE HALÅS:

06.11, 04.12: Spjølka

ODD CHRISTIAN STENERUD:

13.11: Godøya

Radiomessø 2016

Borghallen på

Borgund folkehøgskule

Laurdag 5. november

Kl. 11.00 - Ålesund SoulChildren

Kl. 14.00 - Respons m/Arild Berstad

Salsvarer - Loddal - Matsal - Tombola

Nytt av året: Fiskeådam for barna!

Velkommen

Radio Sunnmøre



Trekning båtlotteriet til inntekt for Brusdalsheimen og Orreneset Misjonscenter

Vunne på lodd nr. 7305
Vinnar: Andreas Tomren, Vatne
Rett trekning, Sykkylven
lensmannskontor, 04.10.2016



Ta kontakt med oss

Gjør en avtale pr telefon, sms eller mail
Iris Vartdal Clausen, sykepleier med utdanning i sjelesorg og overgrepssproblematikk,
tlf: 400 76 521
Anne Line Dahl Jerstad, familierapeut og gestaltveileder,
tlf: 400 76 519
e-post: post@fermate-sunnmore.no
Åpningstider: Hver torsdag – eller etter avtale

For mer informasjon om våre tjenester og samtalerpriser, se våre nettsider: www.fermate-sunnmore.no



Fermate
Sunnmøre
et sted for friluft og forandring
Resurssenter for sjelesorg og veiledning

